



Høyringsinstansane

Dykkar ref.:

Vår ref: 2008/466 0

Harøy: 27.01.2010

Energi- og klimaplan for Sandøy kommune - høyring

I løpet av siste halvåret 2009 har Sandøy kommune, i samarbeid med konsulentfirmaet Norconsult og Ålesundsregionens utviklingsselskap, utarbeidd ein energi- og klimaplan. Motivasjonen for planarbeidet deler seg i to forhold:

- a) sterke sentrale føringar
- b) eigeninteresse.

Faren for klimaendringar og eit stadig større behov for energi gjer at tiltak for å redusere desse relativt dramatiske prognosane, vert maktpåliggande. Kommunen, som organisasjon, vert i denne samanhengen sett på som ein viktig aktør i arbeidet med haldningsendringar og energiomlegging for å nå dei nasjonale måla for reduksjon av klimagassar. Difor har tiltaka i planen også ei samfunnsmessig forankring.

For at tiltaka skal bli mest muleg relevante og legitime, er det viktig at sentrale instansar i lokalesamfunnet vert gjort kjent med omfanget av dei og får eit reelt høve til å medvirke, til å uttale seg, kome med endringsforslag og/eller tilleggsforslag.

Planen har to hovuddelar, ein generell del og ein som er tilpassa samfunnet Sandøy kommune. De får tilsendt kun den delen som primært omhandlar kommunen/kommunesamfunnet, medan den generelle delen er tilgjengeleg på sørivstorget/rådhuset, og på kommunen si heimeside.

Høyringsfristen er sett til **måndag 22. mars**, og det vert lagt opp til politisk handsaming av planen i kommunestyret sitt junimøte d.å.

Det er å vone at flest muleg vil kome med innspel/kommentar til planutkastet.

Med helsing
for Sandøy kommune


Lasse Larsson Fjærtøft
rådmann